

UWC Røde Kors Nordisk er ein internatskule for 200 elevar i alderen 16-19 år, frå meir enn 80 ulike land. Elevane gjennomfører eit to-årig studieprogram - International Baccalaureate (IB) Diploma. Skulen starta opp i 1995, og feirar 30-års jubileum i år. Skulen er mellom anna finansiert av offentlege midlar frå dei nordiske landa, og ligg idyllisk plassert ved Flekkefjorden i Fjaler kommune på Vestlandet. Skulen har omlag 70 tilsette og har to datterselskap, UWC Connect AS og Verdsgrenda Eigedom AS. UWC Connect AS har ansvar for andre aktivitetar som mellom anna leirskule, sommarleirar og som vertskap for ulike grupper som kjem for å oppleve det unike miljøet på skulen. Verdsgrenda Eigedom AS eig og forvaltar bygg på eigedomen.

Stilling som kokk - 100 % fast stilling

Vi har ledig fast stilling som kokk for turnusarbeid i ein spennande internasjonal organisasjon.

Vi søker deg som er nøyaktig, flittig og oppteken av å ha det kjekt på arbeid saman med gode kollegaer, og som ynskjer å gjere ein forskjell. Vi har som mål at matopplevinga hos oss skal vere sunn, fristande, reflektere skulen sitt ideal om bærekraft og gje elevar og gjestar gode matopplevingar.

Per i dag er det ti tilsette som arbeider i heil- eller deltidstillingar ved kjøkkenet. Tre av desse er kokkestillingar, som alle er faste og 100 %. Vi har no behov for å tilsette enno ein flink person for å erstatte ein av våre faste kokkar.

Ansvars- og arbeidsområde

- Kokkane våre er teamleiarar, og har ansvar for drift av kjøkkenet på sine skift samt oppgåver knytt opp mot bestilling av varer.
- Kokkane inngår i ein turnusplan med arbeid morgon, middag og kveld, og sidan skulen er heim for omlag 200 studentar så vil det også inngå helgararbeid kvar tredje veke i turnusen.

Arbeidsoppgåver

- Internkontroll (IK mat)
- Bestilling og god handtering av mat- og andre varer
- Produksjon av varmmat, kaldmat og salatbar

Kvalifikasjonar

- Fagbrev som kokk
- Erfaring frå liknande stillingar
- Kunnskap og interesse for internasjonal mat og vegetarmat
- Evne til å yte god service til elevane og gjestane våre
- Vi brukar norsk som arbeidsspråk på kjøkkenet

Personlege eigenskapar

- Interesse for mat
- Ynskje om å vere del av eit team som er ein særskild viktig del av skulen
- Ha god struktur og like og evne å jobbe sjølvstendig og i Team
- Ha høg integritet og kan trivast med arbeid i eit dynamisk miljø med elevar og tilsette med ulike kulturelle og etniske bakgrunn, jamfør UWC sine verdiar og misjon

Kva kan vi tilby?

- Ein strukturert arbeidskvardag med høve til ulike kurs og eigenutvikling
- Løn etter KS tariff
- Gode pensjons- og forsikringsordningar
- Tilgang til Røde Kors Haugland rehabiliteringssenter sine basseng og treningsrom
- Tilgang til ulike utandørsaktivitetar, organisert gjennom skulen

Dersom dette er arbeidsoppgåver og ei stilling som kan passe for deg, ber vi om at du sender ein enkel søknad og CV til appointments@uwcrn.no.

Søknadsfrist er 19.10.2025, med tilsetjing snarast og seinast 01.01.2026.

UWC RCN held på retten til å tilsette eigna kandidatar før søknadsfristen er ute.

For spørsmål til stillinga kan du ta kontakt med OSM (Operational Service Manager) **Ainor Naustdal** på tlf. **917 09 715**, eller ainor.naustdal@uwcrn.no

Ein må legge fram politiattest som ikkje er eldre enn tre månadar før ein kan ta til i stillinga.